



Arkivsaknr: 2026/913-4
Sakshandsamar: Tore Henrik Øye
Avdeling: Plan, forvaltning, utvikling

SAKSFRAMLEGG

Offentleg høyring - Framlegg til forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vaksdal kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til lokal forskrift om bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vaksdal kommune på offentlig høyring.

Høyringa er heimla i Forskrift om endring i forskrifter på viltområdet §29 a, jf. viltressurslova § 26.

Høyringsfristen vert sett til 10. oktober.

Administrasjonen skal handsame innkomne fråsegner, og leggje fram endeleg framlegg til forskrift for handsaming i kommunestyret.

POLITISK HANDSAMING

Samandrag

Det er vedteke ny viltressurslov med endringsforskrift på viltområdet, med verknad frå og med 01.06.2026.

Lova forbyr i utgangspunktet bruk av kunstig lys, inkludert restlysforsterkande og termiske

siktemiddel til jakt, heretter kalla termiske siktemiddel. Kommunen kan likevel opne for bruk av siktemidla ved jakt på hjort i ope terreng, gjennom lokal skrift. Dette føreset at kommunen sitt mål for hjorteforvaltninga, er å avverje alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser grunna høg bestandstettleik.

Rettleiaren frå Landbruksdepartementet seier at det må vere samanheng mellom forvaltingsmål og verkemiddelbruk for å kunne opne for bruk av termiske siktemiddel. Her har kommunen fastsett mål om bestandsreduksjon grunna høg tettleik av hjort, med høgt skadepress på jordbruket og nedgang for bestandsmessige forhold, som alders- og kjønnsamansetjing, dyra sin kondisjon, med meir. I dette høvet har kommunen auka tildelinga av talet på løyve, prioritert uttak av kalv/unge dyr og produktive koller, og differensiert minstearealet for tildeling av løyve til valda, tilpassa lokal situasjon.

På denne bakgrunn meiner kommunedirektøren at det er godt samsvar mellom kommunal målsetting og verkemiddelbruk, der opning for bruk av termiske siktemiddel kan vere eit nyttig tillegg til allereie iverksette tiltak. Her er vurderinga at verknaden av høg hjortebestand, først og fremst er knytt jordbruket, men også til bestandsmessige forhold, der problemstillingane samla sett, er vesentlege nok til å opne for slik jakt.

Kommunedirektøren si innstilling er å sende framlegg til kommunal forskrift om bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt i kommunen, på offentleg høyring.

Det er utarbeidd HØYRINGSNOTAT som grunnlag for høyringa!

Lovverk/rammer

- * [Lov om jakt, felling og fangst av vilt mv. \(viltressursloven\)](#)
- * [Forskrift om endring i forskrifter på viltområdet § 29a](#)
- * [«Veileder - Fastsetting av lokal for opning for bruk av restlysfosterkende og temiske siktemidler til jakt på hjort](#)
- * [Temaplan for hjorteforvaltning, med målformuleringar, Vaksdal kommune, 2025 - 2030](#)
- * Bestandsvurderingsrapport, FAUN

Saksframstilling og diskusjon

Stortinget har vedtek ny viltressurslov, med endringsforskrift på viltområdet, med verknad frå 1. juli 2026.

Etter viltressurslova § 26 og endringsforskrifta § 29 a, er det opna for at kommunar kan fastsetje lokal forskrift om bruk av termiske siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng. Men berre når dette er naudsynt for å avverje alvorleg skade på natur eller samfunnsinteresser grunna høg bestandstettleik. Her skal det i følgje landbruksdirektoratet sin rettleiar, vere samanheng mellom kommunen sine mål om bestandsreduksjon, og bruk av verkemidler for

å nå måla.

Definisjonen av ope terreng, er i nemnde rettleiar, avgrensa til terreng som stort sett er fritt for hindringar, som hus og tre. Døme på slike område er åker, eng og beitemark, samt opne areal på skogsmark, som hogstflatar, naturlege opningar utan høgt feltsjikt og buskvegetasjon, i tillegg til område der skogen er høgstamma og glissen.

Jegerane skal registrere bruken i Hjorteviltregisteret, og kommunen skal gjere ny vurdering av forskrifta etter 5 år, i følgje endringsforskrifta.

Kommunedirektøren har vurdert grunnlaget for å innføre kommunal forskrift, ut frå lokal bestandssituasjon, med skadeproblematikk. I dette høvet har hjortebestanden i kommunen, hatt kraftig vekst dei siste 10 år, konkretisert gjennom stadig høgare uttak under jakta, frå 231 og 292 felte hjortar i 2016 og 2020, til 451 stykk i 2025, jf. fellingsstatistikk og bestandsvurderingsrapport frå FAUN

Denne bestandsauken har mellom anna ført til vesentlege skadar for jordbruket i kommunen, med tap av avlingar og økonomi for gardbrukarane, jf. dokumentasjon frå beitetakseringar i regi av NLR. Samstundes kan den høge tettleiken av hjort, påverke både naturgrunnlaget og biologiske forhold i bestanden, som alders- og kjønssamansetjing, dyra sin kondisjon, kalvingstidspunkt, slaktevekter, med meir.

Grunna høg tettleik av hjort, med konsekvensar, har Vaksdal kommune mål om å redusere bestanden, gjennom høg, årleg tildeling av hjorteløyve, med vekt på uttak av kalvar/unge dyr og produksjonsdyr (vaksne koller). I dette høvet arbeidar kommunen med bestandsregulering, gjennom målretta forvaltingstiltak og samarbeid med jaktrettshavarane om bestandsplanar, inkluder avskytingstrategiar. Bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt, skal i dette høvet vere tillegg til dagens verkemidlar, og ikkje ei erstatning.

Formålet med ei forskrift er difor å gjere nytte av ein ekstra moglegheit for å nå bestandsmåla, og å avverje alvorleg skade på natur og samfunnsinteresser.

Ei forskrift om å nytte termiske siktemiddel, endrar ikkje krava til forsvarleg jaktutøving, med tanke på tryggleik, skotavstand, sikker bakgrunn, uttak av rett type dyr og ei human jakt. Dette ansvaret ligg framleis hos den enkelte jeger, og er uavhengig av kva siktemiddel som vert nytta, både med tanke på jaktetikk og dyrevelferd. Dette føreset kunnskap og medvit frå jegerane, spesielt ved at jakta skjer om natta.

UTDJUPING AV ARGUMENT:

Alvorsgrad

Som nemnd er innslaget av alvorlege skadar på natur- og samfunnsinteresser lokalt, avgjerande for om det er grunnlag for å opne for bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt. For Vaksdal kommune, vil dette variere med type problematikk, og kor ein er i

kommunen, sidan situasjonen lokalt, er noko forskjellig. Likevel seier direktoratet sin rettleiar at ei eventuell forskrift skal gjelde for heile kommunen.

Vesentleg skadepress:

Det er udiskutabelt at skadepresset på jordbruksareal over tid, spesielt i Eksingedalen, men også i andre jordbruksområde, har vore, og er, vesentleg, med negative konsekvensar for næringsdrifta, både når det gjeld tapt avling og økonomi. I dette høvet utgjer konsekvensane for jordbruket den største og mest alvorlege skaden som følgje av høg hjortebestand. Denne problematikken er soleis det mest sentrale argumentet for å gjere nytte av termiske siktemiddel. Her kan det også nemnast at verkemiddelet vil samsvare godt med føresetnaden for bruk, både knytt til problemstilling og mål, ved at hjorteskadane oppstår i «ope terreng» på innmark, der siktemidla i følgje lovverket, kan nyttast.

Få påkøyrslar:

Når det gjeld problematikk knytt til påkøyrslar på veg og langs jernbane, viser registreringar at omfanget har variert mellom åra, frå 10 stk. og nedover. Hendingane samla sett, har difor ikkje utgjort eit stort problem, sjølv om målet er å redusere omfanget til eit minimum. Talet på påkøyrslar vil difor ikkje, isolert sett, gje tilstrekkeleg argument for å opne for bruk av termiske siktemiddel.

Verknad for natur og beitegrunnlag:

Høg hjortebestand, som i Vaksdal, vil påverke natur- og beitegrunnlaget, med tanke på samansetjing av artar og biologisk mangfald, som igjen vil gje verknad for tilgangen på beiteplantar. Det er ikkje gjort faglege takseringar av dette i kommunen vår, som gjer at dagens situasjonen, og graden av problematikk, ikkje er kjent, sjølv om påverknaden truleg er til stade. Problemstillinga er difor ikkje tillagt avgjerande vekt i saka.

Helsemessige forhold:

Det er høgt fokus på sjukdomsbilete hos hjortevilt i Noreg, med innsamling av ulike prøvar. Det er ikkje registrert alvorlege sjukdomar på viltet i vår kommune, men faren for slike sjukdomar, aukar med høg tettleik av dyr. I dette høvet kan bruk av siktemiddel som effektiviserer jakta i høve til fastsette bestandsmål, vere positiv, utan at det kan leggjast sentral vekt i denne samanheng.

Raskare veg til bestandsmåla?

Føresetnaden for at vi kan argumentere for bruk av termiske siktemiddel under jakt, er at bruken kan medverke til å nå fastsette bestandsmål raskare, samanlikna med å ikkje nytte verkemidla. I dette høvet vil bruk av siktemidla, høgst truleg gje moglegheit for ei meir effektiv jakt på innmark, gjennom fleire fellingssjansar, men også gjere det enklare å lokalisere hjorten i utmark (berre lov til å skyte i ope terreng! I kommunar der ein har mål om høgt uttak, for å redusere bestanden, som i Vaksdal, kan difor bruken framskande ei slik utvikling.

Men på same tid, vil strukturen i jaktuttaket vere like viktig som totalt uttak, for å nå ei presis bestandsforvaltning. Det er difor avgjerande at bruk av termiske siktemiddel, i like stor grad som å ikkje nytte desse, legg til rette for ei kjønns- og aldersfordeling i uttaket som samsvarer med kommunen og bestplanområda sine tildelingar, spesielt med tanke på uttak

av vaksne hanndyr, inkludert store bukkar. Føresetnaden er truleg til stade, ved at bruk av termisk gjev god/tilstrekkeleg identifisering av type dyr i mørket, og også kan gje jegeren betre tid. Men dette krev medvit i høve til eigne eigenskapar og siktemidla sine avgrensingar, avhengig av kvalitet.

«Ope terreng»

Kommunedirektøren meiner at definisjonen av ope terreng er for vid i direktoratet sin rettleiar, og går inn for å bruke følgjande ordlyd;

-dyrka mark, beitemark og hogstflatar utan høgt feltsjikt og buskvegetasjon, open fastmark og opne myrar.

Dette vil vonleg gjer klarare føringar, og færre subjektive vurderingar.

Høyringsnotat

Vedlagt *HØYRINGSNOTAT* spesifiserer aktuelle problemstillingar nærare, som grunnlag for formannskapet sine vurderingar av om å forskrifta skal sendast på høyring, eller ikkje.

Konklusjon, med kommunedirektøren si innstilling

Bruk av termiske siktemiddel vert ikkje vurdert som avgjerande viktig for å nå fastsette bestandsmål for lokal hjorteviltforvaltninga. Men ved rett og medviten bruk, kan bruken vere eit nyttig tillegg til andre, tilgjengelege verkemiddel, og soleis medverke til - og framskande – ei målretta utvikling i bestanden. Dette med tanke på både bestandstettleik og struktur, med positive følgjer for forvalting og biolog.

I dette høvet vurderer kommunedirektøren at føresetnaden om å avverje alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser grunna høg bestandstettleik, er tilstrekkeleg for å innføre for forskrift om bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt. Dette sjølv om alvorsgrad varierer med type konflikt og kor ein er i kommunen.